Vedlegg 1

- **§ 57 ÅRSMØTE**
- 57.1 Årsmøtet er den øvste myndigheita i lokallaget.
- 57.2 Alle medlemmer av lokallaget kan møte på årsmøtet med tale-, forslags- og røysterett. Dersom lokallaget har 800 medlemmer eller fleire, kan årsmøtet vedta å gjennomføre delegatårsmøte. Årsmøtet vedtek talet på delegatar til neste årsmøte.
- 57.3 Ordinært årsmøte haldast normalt kvart år innan utgangen av april, bortsett frå i år med fylkesårsmøte. Då skal årsmøtet haldast innan utgangen av mars. Etter årsmøtevedtak kan årsmøte haldast kvart 2. år.
- 57.4 Desse fristane gjeld for ordinært årsmøte: 15. februar (15. januar i år med fylkesårsmøte): Lokallagsstyret skal kunngjere tid og stad for møtet. Saman med kunngjeringa skal det følgje eit førebels forslag til sakliste, med frist for å melde saker som ein ønskjer skal takast opp på årsmøtet. To veker før årsmøtet: Endeleg sakliste og dokument og forslag til vedtak i saker som skal behandlast på årsmøtet, blir sende klubbar og medlemmer.
- **§ 58 OPPGÅVENE TIL ÅRSMØTET**
- 58.1 Årsmøtet skal:
- 58.1.1 behandle sak om konstituering, møte- og valreglement. 58.1.2 behandle melding og rekneskap frå lokallagsstyret.
- 58.1.3 vedta retningslinjer for arbeidet i kommande årsmøteperiode. 58.1.4 behandle budsjett.
- 58.1.5 behandle saker melde inn frå medlemmer og klubbar innanfor lokallaget, og andre saker som lokallagsstyret legg fram.
- 58.1.6 Gjennomføre følgjande val:
- 58.1.6.1 val av leiar og nestleiar i lokallagsstyret, jf. § 61.2. 58.1.6.2 val av medlemmer og varamedlemmer til lokallagsstyret, jf. § 61.2. 58.1.6.3

val av valkomité, jf. § 64.1. 58.1.7 val av alternativ innanfor vedtektene.

- 58.2 val skjer etter innstilling frå valkomiteen, unntatt val etter § 58.1.6.3, som skjer etter innstilling frå lokallagsstyret.
- 58.3 Alle val skjer normalt for to år med verknad frå 1. august same året.
- 58.4 I år med årsmøte i fylkeslaget skal lokallaget sitt årsmøte også:
- 58.4.1 behandle saker som er sett opp på sakslista til fylkeslaget sitt årsmøte. 30 Utdanningsforbundet
- 58.4.2 velje delegatar og varadelegatar til fylkeslaget sitt årsmøte.
- 58.4.3 foreslå kandidatar til fylkesstyret og til valkomiteen i fylkeslaget.
- 58.5 Årsmøtet kan med 2/3 fleirtal vedta å behandle saker som ikkje er sette opp på saklista. Vedtak i slike saker krev også 2/3 fleirtal.